

---

Vår referanse 2021/5290-4  
Dato 15.04.2021

---

ALVER KOMMUNE  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Klage på vedtak - Fv. 5474 - Gnr 172 bnr 212 - Tomannsbustad - Hopland - Alver kommune

Vestland fylkeskommune viser til brev mottatt 29.03.2021 med vedtak om dispensasjon frå godkjent reguleringsplan Nilshøyen, planid 1263-201101, samt løyve til bygging av tomannsbustad. Klagefrist er 19.04.2021.

**Kva saka gjeld:**

Alver kommune har i administrativt vedtak gitt dispensasjon frå regulert planeringshøgde, samt løyve til oppføring av tomannsbustad på gnr. 172 bnr 212 i Alver kommune.

**Klage:**

Vestland fylkeskommune meiner at Alver kommune i sitt vedtak ikkje har vurdert kravet om sikring langs fylkesvegen i tilstrekkeleg grad og klagar med dette på vedtaket.

**Grunngjeving av klagen:**

Planområdet Nilshøyen grensar mot fylkesveg 5474 Lurevegen. Fylkesvegen er regulert i eit eige planarbeid «Seim skule med utbetring av fv. 402, planid. 1263-201007». Dei to planane grenser mot kvarandre, og slik vi har forstått det, har desse to planane vore utarbeidd omlag på same tid.

Reguleringsplan for Nilshøyen har ikkje eigne føresegner som gjeld byggjegrænse langs veg, men plankartet syner ei byggjegrænse langs fylkesvegen omlag 12 - 13 meter frå dagens vegmidte, og rundt 10 meter frå regulert vegmidte.

Vestland fylkeskommune hadde merknad om forhold til sikring langs fylkesvegen i nabovarsel til saka. Ansvarleg søkjar har kommentert dette i brev av 22.02.2021, med at merkningen ikkje er relevant og at dei ikkje gjer tiltak som vil verka inn på moglegheita for å etablere fortau.

Administrasjonen i Alver kommune viser til i sitt vedtak datert 26.03.2021 at byggjegrænse langs veg går fram av plankartet og at føresegn 3.1.5 til planen opnar for at det kan etablerast tiltak innanfor regulert byggjegrænse mot fylkesvegen. Dei viser vidare til at bygningar og parkeringsareal er plassert utanfor byggjegrænse til fylkesvegen. Terrengprofil viser at skråninga mot fylkesvegen vert justert noko, men at terrengnivået i grenselinja mot 172 bnr 66, som også er samanfallande med plangrensa for Nilshøyen, er uendra.

Kommunen skriv vidare at behov for sikring og krav til utføring går fram av plan- og bygningslova og TEK17 og skal inngå som del av prosjektering av tiltaket.

Ved utbygging av planområdet for Nilshøyen, er det utført terrenginngrep langs fylkesvegen for å planere og justere terrenget. Høgdeskilnaden mellom fylkesvegen og byggegrop er rundt 5 meter på det høgaste. Det er utført planering dels heilt inn til vegskulder. Sideterrenget frå fylkesvegen mot utbyggingsområdet har etter utbygginga fått ei utforming slik at vi meiner det må stillast krav til utbygging om sikring langs fylkesvegen.

Vi vil vise til at kommunen sitt vedtak ikkje svarar ut korleis sikringa er tenkt gjennomført i byggjeløyvet. Det er heller ikkje gjort ei konkrete vurdering om behovet for sikring.

Det ikkje føreligg konkrete planar om utbetring av vegstrekinga forbi planområdet, slik det er vist i reguleringsplan for Seim skule. Vi meiner likevel at det er viktig å setje av areal langs fylkesvegen slik at ei utbetring på sikt kan gjennomførast. Byggjegrensa som er satt i planen er svært knapp, og det er viktig at dette arealet kan nyttast til utbetring av fylkesvegen på eit seinare tidspunkt. Vi meiner kommunen sin merknad om at § 3.1.5 til planen opnar for tiltak innanfor byggjegrensa i ikkje i samsvar med dei føresegnene som ligg på kommunen si nettløysing nordhordlandskart.no.

Vestland fylkeskommune meiner at kommunen i sitt vedtak ikkje har vurdert kravet om sikring av arealet langs fylkesvegen på ein tilstrekkeleg måte. Vi vil vise til føresegn § 2.1 i plan for Nilshøyen, som seier at uteopphaldsareal skal vere skjerna mot trafikkfare. Kravet til sikring gjeld for utforkøyring og for å sikre dei som bur og oppheld seg på tomte. Sikring må følgje rekkverksnorm jf. Handbok N101 Rekkverk og vegens sideområder, og gjelde heile utbyggingsområdet.

Med helsing

John Martin Jacobsen  
Iseksjonssjef

Hege Løvteit  
leiarr

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*